

MYR

Historisk arkiv frå istida



Grøfting av myr på 1950 talet.



Det finst mange sortar augestikkerar her på Vestreimsmyrane.

TIDLEGARE BRUK

Før vart myra brukt til både **slått og beiting**. Myrane vart ofte slegne berre annakvart år.

På kysten og på stølar der det var mangel på ved, brukte dei **myrtorv til brensel**.

Jernmalm er ein annan viktig ressurs som finst i myrar. Tidlegare vart det vunne ut jern av jernmalmen gjennom ein prosess kalla jernblestring. Jernet vart smelta ut av malmen under høg temperatur.

FAKTA

Myrområda våre er ikkje lenger som før. Mange av dei har blitt grøfta eller dyrka. I tillegg er gjengroing eit trugsmål.

Myrane er viktig leveområde for mange dyre-, fugle- insekt- og planteartar. Vestreimsmyrane er viktige for **vadefuglar, sporvefuglar og augnestikkerar**. Det er også funne ein heilt spesiell **lav** her, snø-skjerpe (*Cetraria delisei*) som elles berre finst på fjellet.

MYRA ER EIT HISTORISK ARKIV

Her er myra 7m djup, og i botnen finn ein restar frå siste istid. Restar etter planter og dyr som ligg i **ulike lag nedover i myra** fortel korleis naturen har utvikla seg etter siste istid.

Dette har vi illustrert med ei **7m lang tidslinje** som viser korleis natur- og kulturhistoria har utvikla seg frå istida i botnen av myra og fram til i dag. Sjå om du finn ut kor mange meter steinalderen varar. Når kom piggsvinet?